



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 29.03.2022
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 10:00 - 15:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordfører
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordfører
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Edvin Hesjedal	H	Medlem
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Ivar Rødland Berge	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Renathe Vik	SP	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Mona Grenasberg	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Karin B. Groth	FRP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Trygve Jakobsen	FRP	Karin B. Groth

Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland,
Kommunalsjef oppvekst og kultur Ann Kristin Bolstad
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste



Vaksdal kommune

SAKSNR	TITTEL
10/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
11/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
12/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
13/2022	HEILSKAPLEG ROS ANALYSE
14/2022	INNKJØPSSTRATEGI VAKSDAL KOMMUNE
15/2022	ØKONOMIREGLEMENT VAKSDAL KOMMUNE
16/2022	SØKNAD OM STRAUMSTØTTE FRÅ VAKSDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD
17/2022	RAMMEPLAN FOR KULTURSKULEN - MANGFALD OG FORDJUPING
18/2022	PLAN FOR LEVE HEILE LIVET REFORMA I VAKSDAL KOMMUNE
19/2022	AKTIVITETEN DAGSENTER - DRIFT OG BRUKARBETALING
20/2022	SAMTYKKE TIL UTSETJING AV PERSONLEG BUPLIKT PÅ LANDBRUKSEIGEDOM GBR. 41/1 KALLAND I VAKSDAL KOMMUNE
21/2022	JUSTERT FRAMLEGG TIL KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SAKER OM MOTORFERDSLE I UTMARK I VAKSDAL KOMMUNE
23/2022	NY LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV GJØDSEL AV ORGANISK OPPHAV, VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND
22/2022	KLAGEHANDSAMING AV VEDTAK OM DISPENSASJON FOR OPPFØRING AV FRITIDSBUSTAD PÅ GBNR 61/7 YKSENDALEN
24/2022	ARBEIDSTØY FOR TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE
25/2022	VAL AV ÅRSMØTEREPRESENTANT - VISIT BERGEN
26/2022	SAMANSETTING AV STYRET FOR KOMMUNALT FØRETAK AO-SENTERET VALPERIODEN 2019 - 2023
27/2022	ÅRSMELDING KONTOLLUTVALET I VAKSDAL KOMMUNE FOR 2021
28/2022	BUSETTING AV FLYKTNINGAR FRÅ UKRAINA 2022
29/2022	PRIORITERING AV SPELEMIDLAR FOR LOKALE KULTURARENAER 2022
30/2022	OPPROP - NEI TIL KRIG - JA TIL DEMOKRATI
31/2022	INTERPELLASJON - MAKSPRIS PÅ STRAUM
32/2022	INTERPELLASJON - GRATIS SANITÆRPRODUKT VED SKULANE I VAKSDAL
33/2022	INTERPELLASJON - KONTROLL AV BYGGPLASSAR MED VAKSDAL KOMMUNE SOM BYGGHERRE
34/2022	DAGSTURHYTTE NR 2
35/2022	NY AVFALLSFORSKRIFT FOR HUSHALDNINGSAVFALL
36/2022	REGIONAL TRANSPORTPLAN - INNSPEL TIL ØKONOMISK HANDLINGS- OG INVESTERINGSPROGRAM 2022 – 2033.



10/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Samrøystes godkjent.

KOM - sak 10/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

11/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Samrøstes godkjent.

KOM - sak 11/2022 Vedtak/Tilråding:

Møteprotokollenvert godkjent slik han ligg føre.

12/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:



Samrøystes vedteke.

KOM - sak 12/2022 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vart tatt til orientering.

13/2022: HEILSKAPLEG ROS ANALYSE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at den heilskapelege ROS analysen vert godkjent slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 24/2022 Vedtak/Tilråding:

Heilskapeleg ROS analyse vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 13/2022 Vedtak/Tilråding:

Heilskapeleg ROS analyse vert godkjent slik den ligg føre.

14/2022: INNKJØPSSTRATEGI VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

Tilleggforslag fra Arbeiderpartiet, ført inn i møteportalen av Thor Andersen:

Følgende punkt blir innarbeidet i dokumentet.

- Ved anbudsutsettelse skal krav om tariffavtale for alle som utfører arbeidet på prosjektet gjelde (iht kommunestyrevedtak 70.2017)

Det skal gjennomføres nødvendig kontroll av om kravene til tariffspørsmål, som en del av kontraktoppfølgingen gjennom hele byggeperioden



Tilleggsforslag fra Arbeiderpartiet, ført inn i møteportalen av Thor Andersen:

Følgende punkt blir innarbeidet i dokumentet

- Rammeavtaler for kjøp av tjenester på arbeid vi i dag utfører i egen regi, skal til politisk behandling før avtale inngås.

Tilleggsforslag frå SV, Sp og Høgre, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:

Større byggeprosjekt i regi av Vaksdal kommune.

1. Kommunestyret set krav i innkjøpsstrategien at vald hovudentreprenør skal ha tariffavtale jfr. Kommunestyrevedtak i sak 70/2017

Det skal gjennomførast naudsynt kontroll til tariffspørsmål som del av oppfølging av kontrakt kommunen får gjennomført i byggeperioden.

2. Eigenregi.

Alle kjøp under terskelverdi skal vurderast om det er mogleg å utføre arbeidet i eigenregi.

Tilleggsforslag frå Høgre, ført inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde:

Kommunestyret ber om at strategien skal gjelde frå 2022-2025.

Kommunestyret ber om at følgjande blir innarbeida i innkjøpsstrategien:

- Vaksdal kommune skal vurderast å dela opp i delkontrakter, slik at det er høve å gje tilbod og for mindre bedrifter.
- Vaksdal kommune skal, der det er formålsteneleg, nytta kriterier som miljø, leveringstid, tilgjengelighet el. i tillegg til pris.
- Vaksdal kommune skal auka kompetansen om klimavenlege innkjøp.
- Vaksdal kommune skal etterspørre anerkjente miljømerker og miljødeklarasjoner
- Vaksdal kommune skal innføre rutinar for oppfølging av krav knytt til lærlingar som ein del av kontraktoppfølginga
- Vaksdal Kommune skal vurderast å bli ein samarbeidspartar til Fair Play Bygg og Anlegg.

Kommunestyret ber om orientering frå Fair Play Bygg og anlegg Vestland i forbindelse med vurderinga av å bli samarbeidspartnar.



Tilleggsforslag frå SV og Ap, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:

Innkjøp og rammeavtalar.

Vaksdal kommune ønskjer eit seriøst arbeidsliv. Alle anbodskonkurransar som vert lyst ut over terskelnivå, skal evaluerast etter eige tildelingskriterium om tariffavtale. Etter kontrakten sin storleik kan dette tildelingskriterium telje 5 til 10 prosent av totalevalueringa.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Thor Andersen, AP:

- *Vaksdal Kommune også ha en uttalt strategi om å handle lokalt der det er mulig innenfor lovverk og inngåtte kontrakter.*
- *Ved anbudsutsettelse skal krav om tariffavtale for alle som utfører arbeidet på prosjektet gjelde (iht kommunestyrevedtak 70.2017)*
- *Rammeavtaler for kjøp og tjenester som er planlagt i Vaksdal kommune skal behandles politisk.*
- *Det skal gjennomføres nødvendig kontroll av om kravene til tariffspørsmål som en del av kontraktoppfølgingen.*

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV, SP, H:

Hovedmålsetting: Vaksdal kommune legg FN's bærekraftsmål til grunn for alle innkjøp.

Vi ber om at følgjande punkt vert innarbeida i innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune.

- *Målsetting om auka bruk av lokale verksemder.*
- *Synleggjering av konkurransar i lokale media og på eigen heimeside*
- *Kommunen skal syte for at det vert halde kurs for lokale verksemder i Doffin årleg/ved behov*
- *Utarbeide eit appendiks med terskelverdiar.*
- *Evaluerer strategien årleg*
- *Gjere Vaksdal kommune sin strategi kjent for innkjøpsamarbeid kommunen deltek i.*

Røysting

Det vart først røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak - dette vart samrøystes vedteke

Dei to tilleggsframlegga vart røysta over punkt for punkt:

Framlegget frå Kjartan Haugsnes:

- Punkt 1: samrøystes vedteke
- Punkt 2: samrøystes vedteke
- Punkt 3: samrøystes vedteke
- Punkt 4: samrøystes vedteke
- Punkt 5: samrøystes vedteke
- Punkt 6: samrøystes vedteke
- Punkt 7: samrøystes vedteke



Vaksdal kommune

Framlegget frå Thor Andersen:

- Punkt 1 fekk 2 røyster (AP) og fall
- Punkt 2 fekk 3 røyster (AP, SV) og fall
- Punkt 3 fekk 2 røyster (AP) og fall
- Punkt 4 fekk 3 røyster (AP, SV) og fall

FPØ - sak 17/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre, med følgjande tillegg:
Hovedmålsetting: Vaksdal kommune legg FNs bærekraftsmål til grunn for alle innkjøp.

Vi ber om at følgjande punkt vert innarbeida i innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune.

- Målsetting om auka bruk av lokale verksemder.
- Synleggjering av konkurransar i lokale media og på eigen heimeside
- Kommunen skal syte for at det vert halde kurs for lokale verksemder i Doffin årleg/ved behov
- Utarbeide eit appendiks med terskelverdiar.
- Evaluere strategien årleg
- Gjere Vaksdal kommune sin strategi kjent for innkjøpsamarbeid kommunen deltek i.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

På vegne av Ap la Thor Andersen fram følgjande tilleggsforslag:

Følgende punkt blir innarbeidet i dokumentet.

- Ved anbudsutsettelse skal krav om tariffavtale for alle som utfører arbeidet på prosjektet gjelde (iht kommunestyrevedtak 70.2017)

Det skal gjennomføres nødvendig kontroll av om kravene til tariffspørsmål, som en del av kontraktoppfølgingen gjennom hele byggeperioden

Følgende punkt blir innarbeidet i dokumentet

- Rammeavtaler for kjøp av tjenester på arbeid vi i dag utfører i egnen regi, skal til politisk behandling før avtale inngås.

På vegner av SV, Sp og Høgre la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande tilleggsforslag:

Større byggeprosjekt i regi av Vaksdal kommune.

1. Kommunestyret set krav i innkjøpsstrategien at vald hovudentreprenør skal ha tariffavtale jfr. Kommunestyrevedtak i sak 70/2017

Det skal gjennomførast naudsynt kontroll til tariffspørsmål som del av oppfølging av kontrakt kommunen får gjennomført i byggeperioden.

2. Eigenregi.

Alle kjøp under terskelverdi skal vurderast om det er mogleg å utføre arbeidet i eigenregi.



På vegner av SV og Ap, la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande tilleggsforslag:

Innkjøp og rammeavtalar.

Vaksdal kommune ønskjer eit seriøst arbeidsliv. Alle anbodskonkurransar som vert lyst ut over terskelnivå, skal evaluerast etter eige tildelingskriterium om tariffavtale. Etter kontrakten sin storleik kan dette tildelingskriterium telje 5 til 10 prosent av totalevalueringa.

På vegne av Høgre la Amalie Johnsen Lunde fram følgjande tilleggsforslag:

Kommunestyret ber om at strategien skal gjelde frå 2022-2025.

Kommunestyret ber om at følgjande blir innarbeida i innkjøpsstrategien:

- Vaksdal kommune skal vurderer å dela opp i delkontrakter, slik at det er høve å gje tilbod og for mindre bedrifter.
- Vaksdal kommune skal, der det er formålsteneleg, nytta kriterier som miljø, leveringstid, tilgjengelighet el. i tillegg til pris.
- Vaksdal kommune skal auka kompetansen om klimavenlege innkjøp.
- Vaksdal kommune skal etterspørre anerkjente miljømerker og miljødeklarasjoner
- Vaksdal kommune skal innføre rutinar for oppfølging av krav knytt til lærlingar som ein del av kontraktsoppfølginga
- Vaksdal Kommune skal vurderer å bli ein samarbeidspartar til Fair Play Bygg og Anlegg.

Kommunestyret ber om orientering frå Fair Play Bygg og anlegg Vestland i forbindelse med vurderinga av å bli samarbeidspartnar.

Arbeidarpartiet ba om gruppemøte. Ordførar samtykka.

Røysting

Forslag til vedtak med tilleggsforslag vart røysta over punktvis.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Arbeidarpartiet sitt tilleggsforslag, punktet krav om tariffavtale, fekk 7 stemmer (Ap, Krf) og falt. Arbeidarpartiet sitt tilleggsforslag, punktet krav om politisk behandling av rammeavtaler, fekk 7 stemmer (Ap, Krf) og falt.

SV,Sp og Høgre sitt tilleggsforslag, punkt 1 vart vedteke med 17 stemmar for og 4 stemmer mot (Thor Andersen, Ap, Heidi Rongved, Ap, Anne Christin Eide, Ap og Arne Normann, Krf).

SV,Sp og Høgre sitt tilleggsforslag, punkt 2 vart samrøystes vedteke

Høgre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Sv og Ap sitt tilleggsforslag vart vedteke med 11 stemmer (Krf, SV og Ap) for og 10 stemmer mot (H,Sp,Frp).

KOM - sak 14/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkjøpsstrategi for Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

Med følgjande tillegg:



Større byggeprosjekt i regi av Vaksdal kommune.

1. Kommunestyret set krav i innkjøpsstrategien at vald hovudentreprenør skal ha tariffavtale jfr. Kommunestyrevedtak i sak 70/2017

Det skal gjennomførast naudsynt kontroll til tariffspørsmål som del av oppfølging av kontrakt kommunen får gjennomført i byggeperioden.

2. Eigenregi.

Alle kjøp under terskelverdi skal vurderast om det er mogleg å utføre arbeidet i eigenregi.

Kommunestyret ber om at strategien skal gjelde frå 2022-2025.

Kommunestyret ber om at følgjande blir innarbeida i innkjøpsstrategien:

- Vaksdal kommune skal vurderast å dela opp i delkontrakter, slik at det er høve å gje tilbod og for mindre bedrifter.

- Vaksdal kommune skal, der det er formålsteneleg, nytta kriterier som miljø, leveringstid, tilgjengelighet el. i tillegg til pris.

- Vaksdal kommune skal auka kompetansen om klimavenlege innkjøp.

- Vaksdal kommune skal etterspørre anerkjente miljømerker og miljødeklarasjoner

- Vaksdal kommune skal innføre rutinar for oppfølging av krav knytt til lærlingar som ein del av kontraktsoppfølginga

- Vaksdal Kommune skal vurderast å bli ein samarbeidspartar til Fair Play Bygg og Anlegg.

Kommunestyret ber om orientering frå Fair Play Bygg og anlegg Vestland i forbindelse med vurderinga av å bli samarbeidspartnar.

Innkjøp og rammeavtalar.

Vaksdal kommune ønskjer eit seriøst arbeidsliv. Alle anbodskonkurransar som vert lyst ut over terskelnivå, skal evaluerast etter eige tildelingskriterium om tariffavtale. Etter kontrakten sin storleik kan dette tildelingskriterium telje 5 til 10 prosent av totalevalueringa.

15/2022: ØKONOMIREGLEMENT VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Økonomireglementet for Vaksdal kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Framlegg frå Amalie Johnsen Lunde på vegner av SV, SP og H:

Økonomiplan og årsbudsjett skal bygga på kommuneplanen og kommunen sine overordna



Vaksdal kommune

målsettingar

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.
Tilleggsframlegget frå Amalie Johnsen Lunde vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 18/2022 Vedtak/Tilråding:

Økonomireglementet for Vaksdal kommune vert vedteke slik det ligg føre.
Økonomiplan og årsbudsjett skal bygga på kommuneplanen og kommunen sine overordna målsettingar

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Samrøystes vedteke.

KOM - sak 15/2022 Vedtak/Tilråding:

Økonomireglementet for Vaksdal kommune vert vedteke slik det ligg føre.
Økonomiplan og årsbudsjett skal bygga på kommuneplanen og kommunen sine overordna målsettingar

16/2022: SØKNAD OM STRAUMSTØTTE FRÅ VAKSDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kyrkjeleg fellesråd sin søknad om straumstøtte vert ikkje tatt til følge.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 19/2022 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kyrkjeleg fellesråd sin søknad om straumstøtte vert ikkje tatt til følge.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:



Ordførar ønskjer å ta opp sak om økonomisk støtte til fellesrådet ved framlegging av tertialrapport.

Formannskapet si innstilling vart vedteke mot 1 stemme (Arne Normann, Krf)

KOM - sak 16/2022 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kyrkjeleg fellesråd sin søknad om straumstøtte vert ikkje tatt til følge.

17/2022: RAMMEPLAN FOR KULTURSKULEN - MANGFALD OG FORDJUPING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordypning» skal leggjast til grunn for drift og utvikling av kulturskolen i Vaksdal.

Levekårsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Kulturskulerektor Sindre Andre Sortland orienterte om rammeplan for kulturskolen.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

LEV - sak 04/2022 Vedtak/Tilråding:

«Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordypning» skal leggjast til grunn for drift og utvikling av kulturskolen i Vaksdal.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 20/2022 Vedtak/Tilråding:

«Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordypning» skal leggjast til grunn for drift og utvikling av kulturskolen i Vaksdal.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Arne Normann, Krf foreslo at kulturskulerektor gav kommunestyret ei orientering om sitt arbeid. Ordførar svarte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.



KOM - sak 17/2022 Vedtak/Tilråding:

"Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordypning» skal leggjast til grunn for drift og utvikling av kulturskolen i Vaksdal.

18/2022: PLAN FOR LEVE HEILE LIVET REFORMA I VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Levekårsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Einingsleiar helse Sigrunn Stamnes Vik orienterte om saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LEV - sak 07/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Amalie Johnsen Lunde:

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Amalie Johnsen Lunde vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 21/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.



KOM - sak 18/2022 Vedtak/Tilråding:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering. Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

19/2022: AKTIVITETEN DAGSENER - DRIFT OG BRUKARBETALING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilbodet ved Aktiviteten dagsenter vert som i dag når det gjeld tal plassar, opningstid, innhald og måltid. Brukarbetaling vert som vedtekne satsar for dagsenterplass i Vaksdal kommune, d.v.s. kr. 173,- pr. dag for dagopphold med tre måltid.

Levekårsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Utvalet drøfta saka og kommunedirektøren sine 3 alternative forslag til organisering.

Einingsleiar for helse Sigrun Stamnes Vik svarte på spørsmål.

Levekårsutvalet la fram følgjande forslag til innstilling:

Levekårsutvalet innstiller til at ein vel alternativ 2 i Kommunedirektøren sitt framlegg, og at kommunestyret finn naudsynt inndekking for meirkostnaden.

Utvalet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

LEV - sak 05/2022 Vedtak/Tilråding:

Levekårsutvalet si innstilling:

Levekårsutvalet innstiller til at ein vel alternativ 2 i Kommunedirektøren sitt framlegg, og at kommunestyret finn naudsynt inndekking for meirkostnaden.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 22/2022 Vedtak/Tilråding:



Levekårsutvalet innstiller til at ein vel alternativ 2 i Kommunedirektøren sitt framlegg, og at kommunestyret finn naudsynt inndekking for meirkostnaden:

Brukarbetaling ved Aktiviteten dagsenter vert som dei siste månadane, kr. 95,-. Tilbod og tal plassar vert som i dag, og det vert servert frukost, mellommåltid og middag på dagsenteret. Dagsentra i kommunen får ulik brukarbetaling, og når alle 10 plassane er i bruk på Aktiviteten, utgjer reduksjon i brukarbetaling eit inntektstap på kr. 160.000,- årleg for avdelinga.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 19/2022 Vedtak/Tilråding:

Brukarbetaling ved Aktiviteten dagsenter vert som dei siste månadane, kr. 95,-. Tilbod og tal plassar vert som i dag, og det vert servert frukost, mellommåltid og middag på dagsenteret. Dagsentra i kommunen får ulik brukarbetaling, og når alle 10 plassane er i bruk på Aktiviteten, utgjer reduksjon i brukarbetaling eit inntektstap på kr. 160.000,- årleg for avdelinga.

20/2022: SAMTYKKE TIL UTSETJING AV PERSONLEG BUPLIKT PÅ LANDBRUKSEIGEDOM GBR. 41/1 KALLAND I VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av «Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova)» § 11 første ledd, jf. § 1, gjev kommunestyret heimelshavar Ronny Lilletvedt utsett buplikt med to år på landbruks-eigedom gbnr. 41/1 Kalland i Vaksdal kommune. Grunngjevinga er knytt til utbetring av kårhuset på eigedomen.

Utsetjinga gjeld til og med 31.03.2024. Etter dette må heimelshavar busetje seg på garden, og bu der i minst 5 samanhengande år, jf. kommunalt vedtak av 04.09.2020.

Med heimel i konsesjonslova § 11, vert det sett følgjande vilkår for utsetjing av buplikta:

- Heimelshavar skal innan 31.12.22 dokumentere oppstart av arbeidet ovanfor kommunen, i form av plan for utbetring, byggjesøknad, gjennomføring av tiltak eller liknande.

Forslag til vedtak frå SV, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes:

Kommunestyret viser til notat 12/2022.3 «Lovgrunnlag for kommunen til å endre eige vedtak», dagsett 22.03 og ber om følgjande:



1. Kommunestyret opphever buplikta for landbrukseigedom Gbr. 41/1 Kalland i Vaksdal kommune.
2. Kommunestyret vil understreke at det er mogleg å søke buplikt på nytt når planlagt etablering har funne sted.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Oversendingsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Formannskapet ber om at fram mot kommunestyret vert gjort ei utgreiing om det er mogleg å oppheva buplikta på eigedommen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.
Oversendingsframlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 25/2022 Vedtak/Tilråding:

I medhald av «Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova)» § 11 første ledd, jf. § 1, gjev kommunestyret heimelshavar Ronny Lilletvedt utsett buplikt med to år på landbruks-eigedom gbnr. 41/1 Kalland i Vaksdal kommune. Grunngjevinga er knytt til utbetring av kårhuset på eigedomen.

Utsetjinga gjeld til og med 31.03.2024. Etter dette må heimelshavar busetje seg på garden, og bu der i minst 5 samanhengande år, jf. kommunalt vedtak av 04.09.2020.

Med heimel i konsesjonslova § 11, vert det sett følgjande vilkår for utsetjing av buplikta:

- Heimelshavar skal innan 31.12.22 dokumentere oppstart av arbeidet ovanfor kommunen, i form av plan for utbetring, byggesøknad, gjennomføring av tiltak eller liknande.

Formannskapet ber om at fram mot kommunestyret vert gjort ei utgreiing om det er mogleg å oppheva buplikta på eigedommen.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

På vegne av SV, la Kjartan Haugsnes fram følgjande forslag til vedtak:

Kommunestyret viser til notat 12/2022.3 «Lovgrunnlag for kommunen til å endre eige vedtak», dagsett 22.03 og ber om følgjande:



1. Kommunestyret opphever buplikta for landbrukseigedom Gbr. 41/1 Kalland i Vaksdal kommune.
2. Kommunestyret vil understreke at det er mogleg å søke buplikt på nytt når planlagt etablering har funne sted.

Formannskapet si tilråding vart sett opp mot SV sitt framlegg til vedtak.

SV sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 20/2022 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret viser til notat 12/2022.3 «Lovgrunnlag for kommunen til å endre eige vedtak», dagsett 22.03 og ber om følgjande:

1. Kommunestyret opphever buplikta for landbrukseigedom Gbr. 41/1 Kalland i Vaksdal kommune.
2. Kommunestyret vil understreke at det er mogleg å søke buplikt på nytt når planlagt etablering har funne sted.

21/2022: JUSTERT FRAMLEGG TIL KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SAKER OM MOTORFERDSLE I UTMARK I VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vedtek nytt, justert framlegg til kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark, slik som det ligg føre frå Kommunedirektøren. Framlegget går fram av vedlegg til saka.

Vedtekne retningslinjer skal liggje til grunn for kommunen si handsaming av motorferdslesaker.

Endrings- og tilleggsforslag, ført inn i møteportalen av Boris Groth, Frp:

Endringsforslag:

Endre overskrift på punkt 2 frå "2.0 SØKNADEN" til "2.0 SØKNAD"

Tilleggsforslag, nytt siste avsnitt under punkt 2:

«Rednings og oppsynstenesta kan gjennomføre motorferdsle i utmark, med direkte heimel i motorlova § 4 (ikkje søknadsplikt).

Dette gjeld også trening/øving, dersom køyring skjer etter eit fastsett/godkjent øvingsprogram (organisert køyring). Køyring som ikkje inngår i eit slikt program, krev eige løyve».

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



FPØ - sak 27/2022 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vedtek nytt, justert framlegg til kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark, slik som det ligg føre frå Kommunedirektøren. Framlegget går fram av vedlegg til saka.

Vedtekne retningslinjer skal liggje til grunn for kommunen si handsaming av motorferdslesaker.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

På vegne av Frp, la Boris Groth fram følgjande forslag:

Endringsforslag:

Endre overskrift på punkt 2 frå "2.0 SØKNADEN" til "2.0 SØKNAD"

Tilleggsforslag, nytt siste avsnitt under punkt 2:

«Rednings og oppsynstenesta kan gjennomføre motorferdsle i utmark, med direkte heimel i motorlova § 4 (ikkje søknadsplikt).

Dette gjeld også trening/øving, dersom køyring skjer etter eit fastsett/godkjent øvingsprogram (organisert køyring). Køyning som ikkje inngår i eit slikt program, krev eige løyve».

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

Frp sitt endrings- og tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 21/2022 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret i Vaksdal kommune vedtek nytt, justert framlegg til kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark, slik som det ligg føre frå Kommunedirektøren. Framlegget går fram av vedlegg til saka.

Vedtekne retningslinjer skal liggje til grunn for kommunen si handsaming av motorferdslesaker.

Endringsforslag:

Endre overskrift på punkt 2 frå "2.0 SØKNADEN" til "2.0 SØKNAD"

Tilleggsforslag, nytt siste avsnitt under punkt 2:

«Rednings og oppsynstenesta kan gjennomføre motorferdsle i utmark, med direkte heimel i motorlova § 4 (ikkje søknadsplikt).

Dette gjeld også trening/øving, dersom køyring skjer etter eit fastsett/godkjent øvingsprogram (organisert køyring). Køyning som ikkje inngår i eit slikt program, krev eige løyve».



23/2022: NY LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV GJØDSEL AV ORGANISK OPPHAV, VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 andre, tredje og fjerde ledd, vedtek Vaksdal kommunestyre følgjande, lokal forskrift om spreiiing av husdyrgjødsel og silopressaft i Vaksdal kommune:

Forskrift om spreiiing av gjødselvarer av organisk opphav mv., Vaksdal kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Vaksdal kommune den 29.03.22, med heimel i [forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23](#) andre, tredje ledd og fjerde ledd.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å regulere spreiiing av gjødsel av organisk opphav ut frå lokale ver- og veksttilhøve, slik at intensjonen i nasjonal husdyrgjødsel forskrift og vern mot ureining av vatn, vassdrag og grunn vert oppnådd.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld gjødselvarer av organisk opphav, her under husdyrgjødsel og silopressaft, som skal spreiiast på godkjende spreieareal i Vaksdal kommune.

§ 3. Spreietidspunkt

I perioden frå 1. oktober til og med 15. februar, er det ikkje høve til å spreie gjødselvarer av organisk opphav. Det er ikkje på noko tidspunkt lovleg å spreie gjødsel på snødekt eller frosen mark. På spreieareal opp til 200 m.o.h. kan det spreiiast gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/ nedfelling, fram til og med 15. september.

På alt anna spreieareal kan det ikkje spreiiast gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/ nedfelling etter 1. september.

I perioden frå siste spreiedato og fram til 1. oktober, kan ein unntaksvis spreie gjødselvarer av organisk opphav under spesielt gunstige omstende og vertilhøve. Kravet er at gjødsla vert molda ned innan 18 timar etter spreiiing. Løyvet gjeld ikkje eventuelle område med alvorleg ureining eller fare for alvorleg ureining.

§ 4. Spreiereglar

Ved spreiiing av gjødselvarer utan nedmolding/nedfelling etter 1. september, gjeld følgjande vilkår:

- Det kan maksimalt nyttast 2 m³ gjødsel per dekar.
- Det skal ikkje gjødselast i ei sone på minst 10 meter mot sjø, vatn, elvar, bekkar og liknande.
- Det skal det takast omsyn til vertilhøve, jordsmonn og flaumrisiko.

§ 5. Delegering

Kommunedirektøren har delegert mynde til å gjere vedtak etter denne forskrifta.



§ 6. Klage

Vedtak gjort av kommunen etter denne forskrifta kan klagast på til Statsforvaltaren.

§ 7. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå og med 1. april 2022, og gjeld fram til den vert oppheva.

Vedteken forskrift skal kunngjerast i «Lovdata».

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Rådgjevar Tore Henrik Øye var til stades og svarte på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 28/2022 Vedtak/Tilråding:

I medhald av i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 andre, tredje og fjerde ledd, vedtek Vaksdal kommunestyre følgjande, lokal forskrift om spreining av husdyrgjødsel og silopressaft i Vaksdal kommune:

Forskrift om spreining av gjødselvarer av organisk opphav mv., Vaksdal kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Vaksdal kommune den 29.03.22, med heimel i [forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23](#) andre, tredje ledd og fjerde ledd.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å regulere spreining av gjødsel av organisk opphav ut frå lokale ver- og veksttilhøve, slik at intensjonen i nasjonal husdyrgjødsel forskrift og vern mot ureining av vatn, vassdrag og grunn vert oppnådd.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld gjødselvarer av organisk opphav, her under husdyrgjødsel og silopressaft, som skal spreiest på godkjende spreieareal i Vaksdal kommune.

§ 3. Spreietidspunkt

I perioden frå 1. oktober til og med 15. februar, er det ikkje høve til å spreie gjødselvarer av organisk opphav. Det er ikkje på noko tidspunkt lovleg å spreie gjødsel på snødekt eller frosen mark. På spreieareal opp til 200 m.o.h. kan det spreiest gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/ nedfelling, fram til og med 15. september.

På alt anna spreieareal kan det ikkje spreiest gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/ nedfelling etter 1. september.

I perioden frå siste spreiedato og fram til 1. oktober, kan ein unntaksvis spreie gjødselvarer av organisk opphav under spesielt gunstige omstende og vertilhøve. Kravet er at gjødsla vert molda ned innan 18 timar etter spreining. Løyyvet gjeld ikkje eventuelle område med alvorleg ureining eller fare for alvorleg ureining.

§ 4. Spreiereglar



Ved spreing av gjødselvarer utan nedmolding/nedfelling etter 1. september, gjeld følgjande vilkår:

- Det kan maksimalt nyttast 2 m³ gjødsel per dekar.
- Det skal ikkje gjødselast i ei sone på minst 10 meter mot sjø, vatn, elvar, bekkar og liknande.
- Det skal det takast omsyn til vertilhøve, jordsmonn og flaumrisiko.

§ 5. Delegering

Kommunedirektøren har delegert mynde til å gjere vedtak etter denne forskrifta.

§ 6. Klage

Vedtak gjort av kommunen etter denne forskrifta kan klagast på til Statsforvaltaren.

§ 7. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå og med 1. april 2022, og gjeld fram til den vert oppheva.

Vedteken forskrift skal kunngjerast i «Lovdata».

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Landbruksrådgjevar Tore Henrik Øye svarte på spørsmål i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 23/2022 Vedtak/Tilråding:

I medhald av i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 andre, tredje og fjerde ledd, vedtek Vaksdal kommunestyre følgjande, lokal forskrift om spreing av husdyrgjødsel og silopressaft i Vaksdal kommune:

Forskrift om spreing av gjødselvarer av organisk opphav mv., Vaksdal kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Vaksdal kommune den 29.03.22, med heimel i [forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23](#) andre, tredje ledd og fjerde ledd.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å regulere spreing av gjødsel av organisk opphav ut frå lokale ver- og veksttilhøve, slik at intensjonen i nasjonal husdyrgjødsel forskrift og vern mot ureining av vatn, vassdrag og grunn vert oppnådd.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld gjødselvarer av organisk opphav, her under husdyrgjødsel og silopressaft, som skal spreast på godkjende spreieareal i Vaksdal kommune.

§ 3. Spreietidspunkt

I perioden frå 1. oktober til og med 15. februar, er det ikkje høve til å spreie gjødselvarer av organisk opphav. Det er ikkje på noko tidspunkt lovleg å spreie gjødsel på snødekt eller frosen mark.



På spreieareal opp til 200 m.o.h. kan det spreiest gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling, fram til og med 15. september.

På alt anna spreieareal kan det ikkje spreiest gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling etter 1. september.

I perioden frå siste spreiedato og fram til 1. oktober, kan ein unntaksvis spreie gjødselvarer av organisk opphav under spesielt gunstige omstende og vertilhøve. Kravet er at gjødsla vert molda ned innan 18 timar etter spreieing. Løyvet gjeld ikkje eventuelle område med alvorleg ureining eller fare for alvorleg ureining.

§ 4. Spreiereglar

Ved spreieing av gjødselvarer utan nedmolding/nedfelling etter 1. september, gjeld følgjande vilkår:

- Det kan maksimalt nyttast 2 m³ gjødsel per dekar.
- Det skal ikkje gjødselast i ei sone på minst 10 meter mot sjø, vatn, elvar, bekkar og liknande.
- Det skal det takast omsyn til vertilhøve, jordsmonn og flaumrisiko.

§ 5. Delegering

Kommunedirektøren har delegert mynde til å gjere vedtak etter denne forskrifta.

§ 6. Klage

Vedtak gjort av kommunen etter denne forskrifta kan klagast på til Statsforvaltaren.

§ 7. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå og med 1. april 2022, og gjeld fram til den vert oppheva.

Vedteken forskrift skal kunngjerast i «Lovdata».

22/2022: KLAGEHANDSAMING AV VEDTAK OM DISPENSASJON FOR OPPFØRING AV FRITIDSBUSTAD PÅ GBNR 61/7 YKSENDALEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune stadfestar tidlegare vedtak om dispensasjon til fritidsbustad på GBNR 61/7 med heimel i §19-2 pbl. Saka vert sendt vidare til setjestatsforvalter.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 15.03.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke mot 1 røyst (SV)

FPØ - sak 26/2022 Vedtak/Tilråding:



Vaksdal kommune

Vaksdal kommune stadfestar tidlegare vedtak om dispensasjon til fritidsbustad på GBNR 61/7 med heimel i §19-2 pbl. Saka vert sendt vidare til setjestatsforvalter.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 16 stemmer (Ap,Krf, H,Frp,Sp) mot 5 stemmer (SV og Ole Anders Brekklus).

KOM - sak 22/2022 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune stadfestar tidlegare vedtak om dispensasjon til fritidsbustad på GBNR 61/7 med heimel i §19-2 pbl. Saka vert sendt vidare til setjestatsforvalter.

24/2022: ARBEIDSTØY FOR TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tilrår følgjande reglar for arbeidstøy i Vaksdal kommune:

Oppvekst

- Tilsette i barnehage og SFO får årleg godtgjersle på kr 2 400 til kjøp av kjeledress, regntøy og utesko/støvler. Beløpet graderes ut frå stillingsstorleik og gjeld for faste tilsette, samt for fast vikariat (vikar for fast stilling)
- Skulane og barnehagane kjøper inn kjortler/forklær etter behov. Desse kan brukes i kunst og håndverk, samt mat og helse

Helse og meistring:

- Arbeidsgjevar har ansvaret for å ha arbeidstøy tilgjengeleg for tilsette på institusjon og i heimetenesten
 - Bukse og overdel til tilsette på sjukeheim/institusjon og heimetenesten
 - Ytterjakke som er vindtett og delvis vannavstøtande for tilsette i heimesjukepleien
 - Vinterjakke til tilsette i heimetenesten
- Arbeidsgjevar sørger for at kleda blir vaska på vaskeri
- Ekstra utstyr som gamasjer, brodder, refleks og paraply er tilgjengeleg ved behov
- Tilsette på institusjon og i heimetenesten får årlig beløp på kr 500,- til kjøp av arbeidssko. Dette gjelde for faste tilsette og for tilsette i fast vikariat (vikar for fast stilling). Beløp er uavhengig av stillingsstorleik
- Tilsette i Elvevegen har kjeledresser tilgjengeleg



Tilleggsforslag frå Sp,SV og H, ført inn i møteportalen av Edvin Hesjedal, H:
Ordninga vert revidert om eit år, seinast innan utgangen av april 2023.

Administrasjonsutvalet 15.03.2022

Behandling:

Saka har og vore behandla i AMU.

Kommunedirektøren føreslo oppstartsdato til 01.08.2022.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samt framlegg om oppstartdato vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 03/2022 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret tilrår følgjande reglar for arbeidstøy i Vaksdal kommune:

Oppvekst

- Tilsette i barnehage og SFO får årleg godtgjersle på kr 2 400 til kjøp av kjeledress, regntøy og utesko/støvler. Beløpet graderes ut frå stillingsstorleik og gjeld for faste tilsette, samt for fast vikariat (vikar for fast stilling)
- Skulane og barnehagane kjøper inn kjortler/forklær etter behov. Desse kan brukes i kunst og håndverk, samt mat og helse

Helse og meistring:

- Arbeidsgjevar har ansvaret for å ha arbeidstøy tilgjengeleg for tilsette på institusjon og i heimetenesten
 - Bukse og overdel til tilsette på sjukeheim/institusjon og heimetenesten
 - Ytterjakke som er vindtett og delvis vannavstøtande for tilsette i heimesjukepleien
 - Vinterjakke til tilsette i heimetenesten
- Arbeidsgjevar sørger for at kleda blir vaska på vaskeri
- Ekstra utstyr som gamasjer, brodder, refleks og paraply er tilgjengeleg ved behov
- Tilsette på institusjon og i heimetenesten får årlig beløp på kr 500,- til kjøp av arbeidssko. Dette gjelde for faste tilsette og for tilsette i fast vikariat (vikar for fast stilling). Beløp er uavhengig av stillingsstorleik
- Tilsette i Elvevegen har kjeledresser tilgjengeleg

Oppstartsdato vert sett til 01.08.2022

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

På vegner av SV, Sp og Høgre la Edvin Hesjedal, H fram følgjande tilleggsforslag:

Ordninga vert revidert om eit år, seinast innan utgangen av april 2023.



Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 24/2022 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret tilrår følgjande reglar for arbeidstøy i Vaksdal kommune:

Oppvekst

- Tilsette i barnehage og SFO får årleg godtgjersle på kr 2 400 til kjøp av kjeledress, regntøy og utesko/støvler. Beløpet graderes ut frå stillingsstorleik og gjeld for faste tilsette, samt for fast vikariat (vikar for fast stilling)
- Skulane og barnehagane kjøper inn kjortler/forklær etter behov. Desse kan brukes i kunst og håndverk, samt mat og helse

Helse og meistring:

- Arbeidsgjevar har ansvaret for å ha arbeidstøy tilgjengeleg for tilsette på institusjon og i heimetenesten
 - Bukse og overdel til tilsette på sjukeheim/institusjon og heimetenesten
 - Ytterjakke som er vindtett og delvis vannavstøtande for tilsette i heimesjukepleien
 - Vinterjakke til tilsette i heimetenesten
- Arbeidsgjevar sørger for at kledda blir vaska på vaskeri
- Ekstra utstyr som gamasjer, brodder, refleks og paraply er tilgjengeleg ved behov
- Tilsette på institusjon og i heimetenesten får årlig beløp på kr 500,- til kjøp av arbeidssko. Dette gjelde for faste tilsette og for tilsette i fast vikariat (vikar for fast stilling). Beløp er uavhengig av stillingsstorleik
- Tilsette i Elvevegen har kjeledresser tilgjengeleg

Oppstartsdato vert sett til 01.08.2022

Ordninga vert revidert om eit år, seinast innan utgangen av april 2023.

25/2022: VAL AV ÅRSMØTEREPRESENTANT - VISIT BERGEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

For valperioden 2022-2023 vedtek kommunestyret følgjande representasjon i Visit Bergen

Som årsmøtorepresentant vert vald: _____

Som personleg vararepresentant vert vald: _____



Valutval 24.03.2022

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Utvalet la fram følgjande forslag:

Ordførar vert årsmøtorepresentant med varaordførar som vararepresentant.

Utvalet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VALU - sak 03/2022 Vedtak/Tilråding:

Valutvalet si innstilling til kommunestyret:

Ordførar vert årsmøtorepresentant med varaordførar som vararepresentant.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Leiar av valutvalet presenterte valutvalet si innstilling.

Valutvalet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 25/2022 Vedtak/Tilråding:

Ordførar vert årsmøtorepresentant med varaordførar som vararepresentant.

26/2022: SAMANSETTING AV STYRET FOR KOMMUNALT FØRETAK AO-SENTERET VALPERIODEN 2019 - 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Valutvalet innstiller til kommunestyret at.....vert vald som styreleiar for AO senteret ut valperioden 2019 - 2023
2. Valutvalet innstiller til kommunestyret at.....vert vald til nytt styremedlem i styret for AO senteret ut valperioden 2019 - 2023

Valutval 24.03.2022

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Utvalet la fram følgjande forslag:

Leiar: Evelyn Boge, SV

Nestleiar: Boris Groth, Frp



Vaksdal kommune

Nytt styremedlem: Ole Anders Brekklus, Ap

Utvalet sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VALU - sak 04/2022 Vedtak/Tilråding:

Valutvalet si innstilling til kommunestyret:

1. Valutvalet innstiller til kommunestyret at Evelyn Boge, SV, vert vald som styreleiar for AO senteret ut valperioden 2019 - 2023
2. Valutvalet innstiller til kommunestyret at Boris Groth, Frp vert vald som nestleiar for AO senteret ut valperioden 2019 - 2023
3. Valutvalet innstiller til kommunestyret at Ole Anders Brekklus, Ap vert vald til nytt styremedlem i styret for AO senteret ut valperioden 2019 - 2023

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Leiar av valutvalet presenterte valutvalet si innstilling.

Valutvalet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 26/2022 Vedtak/Tilråding:

1. Valutvalet innstiller til kommunestyret at Evelyn Boge, SV, vert vald som styreleiar for AO senteret ut valperioden 2019 - 2023
2. Valutvalet innstiller til kommunestyret at Boris Groth, Frp vert vald som nestleiar for AO senteret ut valperioden 2019 - 2023
3. Valutvalet innstiller til kommunestyret at Ole Anders Brekklus, Ap vert vald til nytt styremedlem i styret for AO senteret ut valperioden 2019 - 2023

27/2022: ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET I VAKSDAL KOMMUNE FOR 2021

Kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet i Vaksdal kommune.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 27/2022 Vedtak/Tilråding:



Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet i Vaksdal kommune.

28/2022: BUSETTING AV FLYKTINGAR FRÅ UKRAINA 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vil, i tråd med oppmoding frå IMDi, busette 35 flyktingar i 2022.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Erlend Hesjedal-Johannessen oppmodar kommunedirektøren om at kommunestyret vert orientert om status for flyktingar i Vaksdal ved kvart kommunestyremøte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 28/2022 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune vil, i tråd med oppmoding frå IMDi, busette 35 flyktingar i 2022.

29/2022: PRIORITERING AV SPELEMIDLAR FOR LOKALE KULTURARENAER 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune søker om spelemidlar for lokale kulturarenaer etter fylgjande prioriteringsliste:

Prior.	Anleggsnr.	Anlegg	Søklar	Søknadssum i kr	Status
1	11111	Grendahuset Ljosheim	Grendahuset Ljosheim	438 000	Påbegynt
2	76596	Dale kultursal	Vaksdal kommune	1 000 000	Ferdig
3	76614	Dale folkebibliotek	Vaksdal kommune	1 500 000	Ferdig

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.



KOM - sak 29/2022 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune søker om spelemidler for lokale kulturarener etter fylgjande prioriteringsliste:

Prior.	Anleggsnr.	Anlegg	Søkjjar	Søknadssum i kr	Status
1	11111	Grendahuset Ljosheim	Grendahuset Ljosheim	438 000	Påbegynt
2	76596	Dale kultursal	Vaksdal kommune	1 000 000	Ferdig
3	76614	Dale folkebibliotek	Vaksdal kommune	1 500 000	Ferdig

30/2022: OPPROP - NEI TIL KRIG - JA TIL DEMOKRATI

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Opprop frå Vaksdal kommunestyre 29.03.22:

Nei til krig - ja til demokrati.

Den russiske krigen og invasjonen av Ukraina fører til enorme lidningar for det Ukrainske folk. Millionar av Ukrainarar er internt fordrivne og på flukt. Den største humanitære katastrofen i Europa sidan krigane på Balkan på 90 - talet er eit faktum.

I skrivande stund har over tre millionar sivile greid å flykte til nabolanda. Dette går sterkt innpå oss alle.

Vi vil med dette oppropet seie klart i frå til regjering og storting - og det internasjonale samfunnet, at Vaksdal kommune er klar til å vere med på dugnaden for å hjelpe menneske på flukt saman med dei andre kommunane i Noreg.

Vi har ei plikt til å hegne om demokratiet og dei grunnleggjande menneskerettane. Krigen og invasjonen av Ukraina må stanse umiddelbart.

Vaksdal kommune løyver og 50 000 kroner til organisasjonen Redd Barna sitt arbeid i Ukraina. Vi oppmoder alle andre kommunar til og å støtte ulike hjelpeorganisasjonar sitt arbeid ved grensene og frontlina i Ukraina.

Vaksdal kommune vil til slutt oppmode alle om å ta godt vare på menneska rundt oss, om dei er frå Ukraina eller Russland. Dei som ikkje har skuld i krigen skal heller ikkje bere børa med den.

Kommunestyret 29.03.2022

**Behandling:**

Ordførar sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 30/2022 Vedtak/Tilråding:**Opprop frå Vaksdal kommunestyre 29.03.22:****Nei til krig - ja til demokrati.**

Den russiske krigen og invasjonen av Ukraina fører til enorme lidingar for det Ukrainske folk. Millionar av Ukrainarar er internt fordrivne og på flukt. Den største humanitære katastrofen i Europa sidan krigane på Balkan på 90 - talet er eit faktum.

I skrivande stund har over tre millionar sivile greid å flykte til nabolanda. Dette går sterkt innpå oss alle.

Vi vil med dette oppropet seie klart i frå til regjering og storting - og det internasjonale samfunnet, at Vaksdal kommune er klar til å vere med på dugnaden for å hjelpe menneske på flukt saman med dei andre kommunane i Noreg.

Vi har ei plikt til å hegne om demokratiet og dei grunnleggjande menneskerettane. Krigen og invasjonen av Ukraina må stanses umiddelbart.

Vaksdal kommune løyver og 50 000 kroner til organisasjonen Redd Barna sitt arbeid i Ukraina. Vi oppmoder alle andre kommunar til og å støtte ulike hjelpeorganisasjonar sitt arbeid ved grensene og frontlina i Ukraina.

Vaksdal kommune vil til slutt oppmode alle om å ta godt vare på menneska rundt oss, om dei er frå Ukraina eller Russland. Dei som ikkje har skuld i krigen skal heller ikkje bere børa med den.

31/2022: INTERPELLASJON - MAKSPRIS PÅ STRAUM**KS 31/2022 - 29.03.22: Forslag frå SV, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes**

1. Vaksdal kommune støttar LVK sitt krav om auka straumstøtte for sluttbrukarmarknaden på prisar over 45 øre/kWh, som eit mellombels strakstiltak, og som skal gjelde for alle forbrukarar, husholdningar og næringsliv.

2. Vaksdal kommune som vertskommune for vasskraft ber om at regjeringa prioriterer å få på plass reguleringar i høve eksport og magasinufylling, som på lengre sikt skal hindre den energisituasjonen Noreg er i idag.



Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Av omsyn til klokkeslett og resterande saker i møtet samtykka kommunestyret til at interpellasjonar vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

KOM - sak 31/2022 Vedtak/Tilråding:

Saka vart utsett.

32/2022: INTERPELLASJON - GRATIS SANITÆRPRODUKT VED SKULANE I VAKSDAL

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Av omsyn til mengde saker og tidsbruk samtykka kommunestyret til at interpellasjonar vart utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

KOM - sak 32/2022 Vedtak/Tilråding:

Saka vart utsett.

33/2022: INTERPELLASJON - KONTROLL AV BYGGPLASSAR MED VAKSDAL KOMMUNE SOM BYGGHERRE

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Av omsyn til mengde saker og tidsbruk samtykka kommunestyret til at interpellasjonar vart utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

KOM - sak 33/2022 Vedtak/Tilråding:



Saka vart utsett.

34/2022: DAGSTURHYTTE NR 2

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal Kommune søker ikkje om dagsturhytte nr 2.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 34/2022 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune søker ikkje om dagsturhytte nr 2.

35/2022: NY AVFALLSFORSKRIFT FOR HUSHALDNINGSAVFALL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om handtering av hushaldsavfall i Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, som vara styremedlem i BIR. Kommunestyret vedtok samrøystes at Heidi Rongved er ugild i medhald av fv.l. § 6 e) punkt 2.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 35/2022 Vedtak/Tilråding:

Forskrift om handtering av hushaldsavfall i Vaksdal kommune vert vedteke slik den ligg føre.

**36/2022: REGIONAL TRANSPORTPLAN - INNSPEL TIL ØKONOMISK HANDLINGS- OG
INVESTERINGSPROGRAM 2022 – 2033.**



Ordfører sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vaksdal vedtek følgjande innspel:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE SITT ØKONOMISKE HANDLINGSPROGRAM OG INVESTERINGSPROGRAM 2022 – 2033. INNSPEL FRÅ VAKSDAL KOMMUNE

Økonomisk handlingsprogram med investeringsprogram skal synleggjere dei økonomiske utfordringane innan samferdselsområdet dei komande åra, og gje eit oversyn over tilgjengelege midlar opp mot dei samla utfordringane innanfor investering, vedlikehald og drift for veg- og kollektivområdet. Dette vil utgjere eit grunnlag fram mot budsjett og økonomiplan 2023-2026.

Fylkestinget vedtok desember 2021 Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP). Saman med RTP vedtok Vestland fylkesting handlingsprogram for RTP med strategisk del basert på strategiane i RTP og utviklingstiltak. Det vedtekte handlingsprogrammet omtala ikkje konkrete prosjekt i investeringsprogrammet. Fylkestinget gjorde på dette grunnlag m.a. slikt vedtak i saka:

«Fylkestinget sluttar seg til at investeringsprogrammet skal innarbeidast i handlingsprogrammet for Regional transportplan 2022-2033 og vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i juni 2022. Fylkestinget ber om at investeringsprogrammet vert sendt til kommunane for innspel før endeleg vedtak. Dette dokumentet følgjer opp vedtaket ved å leggje fram aktuelle tiltak for ein langsiktig investeringsportefølje fram til 2033.»

I Vaksdal kommunestyre sin uttale ([k.sak.76/2021](#)) prioriterte ein høgt tiltak langs fylkesveg 569:

«Utfordringane langs fylkesvegnettet i Vaksdal kommune er mange og behovet for rassikring, opprusting og utviding er stort. Fv 569 er særst viktig for Vaksdal kommune og for samarbeidet i Nordhordlandsregionen. Fylkesvegen bind saman kommunane i regionen og gir grunnlag for felles utvikling.»

Vaksdal kommunestyre har forståing for at avgrensa midler til gjennomføring av investeringstiltak i RTP krev prioritering.

Fylkeskommunen gjer framlegg om å kun utbetra 8 tunnelar i heile fylket i økonomiplanperioden 2023 – 26. Alle med unntak av 1 har ÅDT på 550 – 11.300. Ein tunnel – Isetunnelen i Bremanger har ÅDT på 300, men vert sett i samanheng med nødvendig opprusting av ein annan tunnel på same veg.

I perioden 2027 – 33 gjer fylkeskommunen framlegg om å utbetra 8 tunnelar. Alle desse, bortsett frå ein har ÅDT frå 400 – 20.500. Vaksdal kommunestyre er glad for at Modalstunnelen er med sjølv med ÅDT på 350. Eikenestunnelen og Fløgatunnelen i Gloppen (Fv615) og Instefjordtunnelen i Gulen (Fv602) har alle ÅDT på 400. Desse er med på lista 2027 – 33. Høgabergtunnelen i Vaksdal kommune (Fv 569) har og ÅDT på 400. Vaksdal kommune ber om at Høgabergtunnelen vert prioritert inn på denne lista.

I lag med Skuggebergtunnelen er Høgabergtunnelen dei største barrierane for utvikling av indre strøk av Vaksdal kommune. M.a. har Modalen Eksingedalen Bilag(MEB) store kostnadar med ombygging av



Vaksdal kommune

gods- og lastebilane sine for å kunna trafikkerer Fv569. Verksemda har difor høgare terminalkostandar med omlasting for for å få plass i lastebilane. Vidare har verksemda kostnad med tilpasning av bussane, som og vert nytta til skuleskyss.

Fylkesveg 569 treng opprusting. Den er smal med få møteplassar. Tunnelane er smale og låge.

Vegen er rasutsett. Tidlegare kartlegging frå Statenes Vegvesen viste 16 rasområde; 2 med frekvens 10 pr. år, 3 med frekvens 2-3 pr. år og 8 med frekvens årleg.

Vidare vil Vaksdal kommune påpeike trong for strekningsvise tiltak som gjeld vegkropp og møteplassar på FV. 569.

Andre vegar/tiltak.

Fylkesveg 5406

Vaksdal kommune gjer merksam på at Kaldestadsundet bru på fylkesveg 5406 i Vaksdal kommune vart bygd på midten av 1980-talet. Kommunen vil oppmode vegeigar å få kartlagt tilstanden til brua.

Fylkesveg 5400

Fylkesveg 5400 er ein viktig fylkesveg i vår kommune. Den er og viktig som omkøyingsveg ved uønskte hendingar på E16 mellom Dale og Voss. Vaksdal kommune ber om at vegen vert prioritert i høve vegkropp/dekke og i høve rassikring.

Bussterminal på Dale

Vaksdal kommune legg til grunn at terminalen er prioritert og finansiert av VFK i 2022/23 slik at terminalen vert realisert i denne perioden.

Kommunestyret 29.03.2022

Behandling:

Ordførar sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 36/2022 Vedtak/Tilråding:

Kommunestyret i Vaksdal vedtek følgjande innspel:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE SITT ØKONOMISKE HANDLINGSPROGRAM OG INVESTERINGSPROGRAM 2022 – 2033. INNSPEL FRÅ VAKSDAL KOMMUNE

Økonomisk handlingsprogram med investeringsprogram skal synleggjere dei økonomiske utfordringane innan samferdselsområdet dei komande åra, og gje eit oversyn over tilgjengelege



midlar opp mot dei samla utfordringane innanfor investering, vedlikehald og drift for veg- og kollektivområdet. Dette vil utgjere eit grunnlag fram mot budsjett og økonomiplan 2023-2026.

Fylkestinget vedtok desember 2021 Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP). Saman med RTP vedtok Vestland fylkesting handlingsprogram for RTP med strategisk del basert på strategiane i RTP og utviklingstiltak. Det vedtekte handlingsprogrammet omtala ikkje konkrete prosjekt i investeringsprogrammet. Fylkestinget gjorde på dette grunnlag m.a. slikt vedtak i saka:

«Fylkestinget sluttar seg til at investeringsprogrammet skal innarbeidast i handlingsprogrammet for Regional transportplan 2022-2033 og vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i juni 2022. Fylkestinget ber om at investeringsprogrammet vert sendt til kommunane for innspel før endeleg vedtak. Dette dokumentet følgjer opp vedtaket ved å leggje fram aktuelle tiltak for ein langsiktig investeringsportefølje fram til 2033.»

I Vaksdal kommunestyre sin uttale ([k.sak.76/2021](#)) prioriterte ein høgt tiltak langs fylkesveg 569:

*«Utfordringane langs fylkesvegnettet i Vaksdal kommune er mange og behovet for rassikring, opprusting og utviding er stort. **Fv 569** er særst viktig for Vaksdal kommune og for samarbeidet i Nordhordlandsregionen. Fylkesvegen bind saman kommunane i regionen og gir grunnlag for felles utvikling.»*

Vaksdal kommunestyre har forståing for at avgrensa midler til gjennomføring av investeringstiltak i RTP krev prioritering.

Fylkeskommunen gjer framlegg om å kun utbetra 8 tunnelar i heile fylket i økonomiplanperioden 2023 – 26. Alle med unntak av 1 har ÅDT på 550 – 11.300. Ein tunnel – Isetunnelen i Bremanger har ÅDT på 300, men vert sett i samanheng med nødvendig opprusting av ein annan tunnel på same veg.

I perioden 2027 – 33 gjer fylkeskommunen framlegg om å utbetra 8 tunnelar. Alle desse, bortsett frå ein har ÅDT frå 400 – 20.500. Vaksdal kommunestyre er glad for at Modalstunnelen er med sjølv med ÅDT på 350. Eikenestunnelen og Fløgatunnelen i Gloppen (Fv615) og Instefjordtunnelen i Gulen (Fv602) har alle ÅDT på 400. Desse er med på lista 2027 – 33. Høgabergtunnelen i Vaksdal kommune (Fv 569) har og ÅDT på 400. Vaksdal kommune ber om at Høgabergtunnelen vert prioritert inn på denne lista.

I lag med Skuggebergtunnelen er Høgabergtunnelen dei største barrierane for utvikling av indre strøk av Vaksdal kommune. M.a. har Modalen Eksingedalen Bilag(MEB) store kostnadar med ombygging av gods- og lastebilane sine for å kunna trafikker Fv569. Verksemda har difor høgare terminalkostandar med omlasting for for å få plass i lastebilane. Vidare har verksemda kostnad med tilpassing av bussane, som og vert nytta til skuleskyss.

Fylkesveg 569 treng opprusting. Den er smal med få møteplassar. Tunnelane er smale og låge.

Vegen er rasutsett. Tidlegare kartlegging frå Statenes Vegvesen viste 16 rasområde; 2 med frekvens 10 pr. år, 3 med frekvens 2-3 pr. år og 8 med frekvens årleg.

Vidare vil Vaksdal kommune påpeike trong for strekningsvise tiltak som gjeld vegkropp og



møteplassar på FV. 569.

Andre vegar/tiltak.

Fylkesveg 5406

Vaksdal kommune gjer merksam på at Kaldestadsundet bru på fylkesveg 5406 i Vaksdal kommune vart bygd på midten av 1980-talet. Kommunen vil oppmode vegeigar å få kartlagt tilstanden til brua.

Fylkesveg 5400

Fylkesveg 5400 er ein viktig fylkesveg i vår kommune. Den er og viktig som omkøyingsveg ved uønskte hendingar på E16 mellom Dale og Voss. Vaksdal kommune ber om at vegen vert prioritert i høve vegkropp/dekke og i høve rassikring.

Bussterminal på Dale

Vaksdal kommune legg til grunn at terminalen er prioritert og finansiert av VFK i 2022/23 slik at terminalen vert realisert i denne perioden.



Kommunestyret opna møtet med å syngja songen Normannen.

ORIENTERINGAR

Prosjektleiar Bent Gunnar Næss i region Nordhordland og samfunnsplanleggar i Vaksdal Knut Trefall orienterte om Interkommunal plan for sjøareal.

Magne Eikanger orienterte om arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalyse, i samband med sak 13/2021.

Kommunalsjef i Osterøy kommune Olaf M Hella og leiar for Familiens hus Else Margrethe Aarland orienterte om barnevernstenesta i Osterøy kommune, i samband med behandling av sak om interkommunalt samarbeid om barnevernstenesta.

Orientering frå ordførar

- Møte med Eviny og OU prosjekt
- Møte i politirådet og brev til justisminister om finansierte stillingar i distriktet
- Møte med kommunevertar
- Frivilligåret 2022
- Eigarmøte BIR der utfordringar knytt til henting av søppel ved Kvamstovegen vart løfta.
- Opplevingssenter Vaksdal Mølle
- Kvinner- og kraftkonferanse
- KLP konferanse
- K5
- Flyktnings situasjonen
- SP sitt ordførarforum
- Opning Dale skule
- Tsjekkisk samferdsleprosjekt Koridor D8
- Ordførar sin kalender på nett

Orientering frå varaordførar

- Voss- og Osterfjorden vassområdere region
- Nasjonalpark Øystesefjella
- Krig i Ukraina
- Møte i Vaksdal ungdomsråd

Orientering frå kommunedirektøren

- Bompengeprojekt E16
- Ny organisasjonsmodell og frivilligsentralen
- Strategisk næringsplan
- Visit Bergen og reiselivssatsing
- Invest In Bergen og Hydrogensatsing
- Møte i regionråd og biosfæreområde
- KLP konferanse
- Årsresultat 2021
- Opning Daleskule



SPØRSMÅL

Lisa Johnsen Lunde, Ap stilte spørsmål knytt til Statens vegvesen si stenging av E16 ved Boga.
Kommunedirektør svarte.

Arne Normann, Krf stilte spørsmål knytt til psykisk helse.
Kommunedirektør svarte.

Arne Normann, Krf stilte spørsmål knytt til flytting av Frivilligsentralen og lokaler i Gatå.
Ordfører svarte.

Mona Grenasberg, SV stilte spørsmål knytt til tilbud om rehabilitering for innbyggjar.
Spørsmålsstillar vil senda spørsmålet skriftleg til ordfører med forventning om svar i neste kommunestyremøte.